



Turngruppa, leia av Hege Lekva (biletet), er klar for sesong-innspurt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Turngruppa melder at det blir barnetrim og idrettsskule som vanleg onsdag 5. mars, medan aerobic yngre har slutta av på grunn av for liten oppslutnad.
Det er skileik i Fjellhaugen denne kvelden for dei som ynskjer det.**

Neste onsdag, 12. mars, går alle aktivitetane til turngruppa ut fordi skulen skal bruka hallen. Men også då er det skileik i Fjellhaugen!

Onsdag 26. mars er det avslutning for barnetrimmen og aerobic yngre på skuleplassen. Då blir deltakarane oppfordra til å ta med grillmat medan turngruppa spanderer saft og is.

Det er idrettsskule i hallen og det er det også 2. april.

Onsdagane 9., 16. og 23. april skal idrettsskulen ha friidrett på Heio.
Den siste onsdagen er det avslutning med grilling. Også då må ein ta med grillmat medan turngruppa spanderer saft og is.